



Månadsbrev for juli frå distriktsguvernøren



AKTUELT FRA DG LIDUN OG DISTRIKT 2305

NYTT FRA DISTRIKTSADMINISTRASJONEN OG KOMITAENE

KVA SKJER I ROTARY

MÅNADENS TEMA

DETTE SKJER FREMOMER

Månadens tema: medlemsverving og nye klubbar!

Rotary International sin president Stephanie Urchick har gitt alle distriktsguvernører i oppdrag å auke medlemsmassen med 100 medlemmer netto og skipe fire nye klubbar. Å auke medlemstalet er derfor vår største og viktigaste oppgåve i dette året. Korleis skal vi nå dette målet i distriktet vårt?





Stephanie Urchick har gitt oss nokre tydelige forslag. Både på International Assembly i Orlando i januar og på Convention i mai, sa ho følgande:

«For å nå målet om 100 nye medlemmer må Rotary bli meir synleg. Om ingen veit om oss og det fantastiske arbeidet vi gjer, blir det ikkje fleire medlemmer. Så korleis kan distriktet bli meir synleg? Har ditt distrikt ein merkevarekomité? Jobbar merkevarekomiteen tett saman med medlemsskapskomitéen? Tenkjer vi synligheit og medlemsverving på alle nivå? Brukar vi logoen – og brukar vi han rett? Dette er tiltak eg oppfordrar distrikta til å sette i gang umiddelbart.»

Medlemsvervinga skjer i klubbane, og det er der storparten av Rotarymagien blir skapt. Distriktet si rolle er å vere eit støtteapparat som kan hjelpe klubbane med å gjere jobben, og så håpar eg at vi også kan vere ei kjelde til inspirasjon. Så kva gjer vi i distrikt 2305 for å hjelpe klubbane til å nå dette målet og spreie Rotarymagien til flest mogeleg?

- Vi har oppretta ein merkevarekomité der Torunn Elle som jobbar med merkevarebygging i Bymisjonen er leiar. Sjå eiga sak.
- Workshop for medlemsskapskomiteen, merkevarekomiteen og styret på styremøtet 23. og 24. august. Her håper vi å kome fram til fleire smarte tilnærmingar til medlemsverving
- Vi har oppretta Instagramkonto for auka synlegheit på sosiale medier
- Vervekonkurranse for klubbane som vi starta på PETS med fine premiar som blir delt ut på distriktskonferansen i september. Husk å registrere nye medlemmer i god tid!
- Medlemskapskomitéen skal vere med på alle guvernørbesøk
- Auka løyvingar til medlemsskapskomitéen
- Avsett midlar på budsjettet til arbeid med å få i gang nye klubbar
- Felles polio-aksjon for dei klubbane som ønskjar å vere med for auka synlegheit
- AG-ane støttar og hjelper klubbane med informasjon og inspirasjon
- Felles nettverk for dei seks norske distrikta sine komitéleiarar for ideutveksling og samarbeid

Så er dei store spørsmåla:

- Kva skal du og din klubb gjere for å auke medlemstalet i klubben?
- Kva skal du og klubben gjere for å ta vare på medlemmane klubben din alt har?
- Kven kan du samarbeide med?
- Korleis kan du gjere klubben din meir synleg?

Hugs at du kan finne inspirasjon til arbeidet på side 8 i handboka under Rotary sin strategiske plan *Action Plan*. Distriktet sin strategiske plan bygd på *Action Plan* finn du på side 9 og 10. Handboka finn du her

<https://d2305.rotary.no/no/d2305-handbok-for-klubbene>



Nytt fra distriktsadministrasjonen og komiteane




Distrikt 2305 har instagramkonto!

Kontoen heiter **rotary_d2305** Her finn du filmsnuttar og innlegg frå guvernør og presidentskifte, om månadens tema og andre saker som er relevante for distriktet.

Eg håper at dei av dykk som brukar Instagram går inn, følgjer kontoen og likar innlegga våre så vi blir meir synlege!

Distriktet har oppretta merkevarekomité!

For å oppfylle RI-president Stephanie Urchick sitt oppdrag, har vi oppretta ein merkevarekomité leia av Torunn Elle. Torunn er seniorrådgjevar i Kirkens Bymisjon, og har ansvar for revitalisering av merkevara samt strategiske samarbeidspartnere og samfunnsansvar. Eg er svært takksam for at Torunn tek på seg denne viktige rolla for distriktet.



Bedre synlighet er eit av måla i Rotary International sin strategiske plan *Action Plan*. RI-president Stephanie Urchick presiserer at dette ein nøkkel til å nå årets mål: netto 100 nye medlemmer og 4 nye klubbar i kvart distrikt. Ho oppfordra både på International Assembly og på Convention om å ha ekstra fokus på å bygge merkevara Rotary i rekrutteringsaugemed både på distriktsnivå og klubbnivå, og ho oppfordra til at merkevarebygging og medlemsskap må jobbe tett saman.

Informasjon til og kommunikasjon med omgjevnadane er svært viktig for vår profilering og for korleis omgjevandane oppfattar klubbane og Rotary som organisasjon. Vi ønsker både å utvikle Rotary og skape attraktivitet for å rekruttere nye medlemmer. Vi må difor kontinuerlig fortelle hva Rotary er og kva vi står for, kva vi er opptatt av og jobbar for – lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Vi oppretter derfor ein ny merkevarekomite som har dette som hovedfokus.

Glimt frå dei norske distriktsguvernørane si samling i Lofoten

Dei seks norske distriktsguvernørane (frå venstre) Rolf Thingvold, Aud Schøtt Pedersen, Einar Kallager, Lidun Hareide, Marit Liv Solbjørg og Helle Kjølraug utgjer styret i Norsk Rotaryforum (NORFO).

NORFO er eit samarbeidsorgan for distrikta, og tek seg av fellesoppgåver for distrikta, som mellom anna ungdomsutveksling, forvaltning av medlemsnett og heimesidene, Georgiastipendet og Georgia takkestipend.

Det førre styret i NORFO vedtok i vår ei omorganisering og forenkling av organisasjonen.





Det vart difor vårt kull si oppgåve å finne ei tenleg innretning for å sikre at alle nødvendige oppgåver blir utførte på best mogeleg måte. Vi samla oss difor i Aud si rorbu på Ballstad i Lofoten til fire dagar i august med møter, diskusjonar, ideutveksling, strategitenking og Rotaryfelleskap. I tillegg hadde Aud lagt opp eit program som viste oss det beste av Lofoten. Mange gode idear kom til oss i minibussen, over middag, eller på spaseretur, og desse er no arbeidde inn i planen for ny struktur for NORFO.

Det ligg mykje Rotarymagi i å møtest, ha opplevingar saman, spise saman og le saman, og legge grunnlaget for varige vennskap og samarbeid. Som nøysom Sunnmøring er det viktig å påpeike at vi DG'ar dekte alle kostnader til møtehelga sjølv.

Dette skjer framover

Distriktskonferansen 27. – 29. september på Quality Ulstein Hotel



Konferansen har no 205 påmelde, og det er kun eit par enkeltrom og nokre få dagpakkar og plassar på guvernørens bankett igjen. Desse vil vi gjerne fylle opp, så ver rask om du vil vere med! Vi har sikra oss plassar for bobilparkering og vi kan hjelpe til med å finne alternativ overnatting. Du finn lenke til påmelding til distriktskonferansen [her](#)

Neste styremøte:

23. – 24. 08. i Ålesund. Styremøtet blir kombinert med ein workshop for styret og medlemsskapskomiteen på laurdag 24.08.

Alt godt!
Lidun Hareide
Distriktsguvernør 2024 - 2025

